



Voss herad
Postboks 145
5701 VOSS

Vår dato:
06.04.2020

Dykkar dato:
Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon
Marit Lunde, 57 64 30 05

Voss herad - budsjett og økonomiplan

Innleiing

Voss heradsstyre har i møte 12.12.2019, sak 60/19, handsama og vedteke budsjett for 2020 og økonomiplan for 2020 – 2023 for Voss herad. Fylkesmannen har motteke saksdokumenta til orientering. Budsjett og økonomiplan for dei kommunale føretaka skal ettersendast så snart dei er handsama.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrert). For alle kommunar kontrollerer Fylkesmannen at budsjett og økonomiplan er i balanse. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis Fylkesmannen vurderer kommunen sin økonomi og utviklinga slik den er planlagt i budsjett og økonomiplan. Der det er manglar etter forskrift om budsjett og økonomiplan, har vi påpeika dette og bede kommunane følgje opp.

Oppsummering

Ved inngangen til sitt første budsjettår har Voss herad ein stram men kontrollert økonomi. Det blir budsjettert med låge positive netto driftsresultat i heile planperioden. Kommunen budsjetterer med samla investeringar for om lag 447 mill. kroner i perioden, der om lag 52 mill. kroner utgjer sjølvfinansierande investeringar eller investeringar til sjølvkostområda.

År 2020 vil naturleg nok bli eit spesielt år med overgang frå to gamle kommunar til ein ny. Fylkesmannen meiner at hovudutfordringa til Voss herad er å oppretthalde balanse i drifta, og prioritere og vedta tiltak som fører til dette. Moderate låneopptak og arbeid med finansielle måltal og handlingsreglar, blir eit viktig grunnlag for styring mot ein berekraftig økonomi for Voss herad framover. Det er allereie innarbeidd mål og delmål, budsjett og investeringar for heile planperioden, for kvart av tenesteområda. Dette er ein god start for den langsigchte planlegginga, og for å skape handlingsrom til beste for innbyggjarane.

Budsjett 2020



Inntektsprognosene for 2020 er oppdatert med førebelse innbyggjartal per 01.01.2020 og innkomen skatt i 2019. Ut frå dette budsjetterer kommunen noko lågare enn prognosemodellen tilseier, spesielt på skatteinntekter. I andre generelle inntekter ligg mellom anna kraftinntekter, integreringstilskot for flyktninger og reformstøtte. Finansinntekter gjeld i hovudsak utbytte frå Voss energi og BKK, og renteinntekter på lån. I tillegg mottek Voss herad regionsentertilskot og inndelingstilskot.

I dokumenta går det fram at kommunen har eit større investeringsbehov enn det dei no legg opp til. Kommunen budsjetter med investeringar for om lag 89 mill. kroner i 2020, der om lag 24 mill. kroner er investeringar som er sjølvfinansierande eller til sjølvkost. Ut frå budsjettala er nok dette maksimalt låneopptak sidan investeringane som ligg i planen ikkje fører til innsparinger i drift. Dei største investeringane er barnehage i Granvin, lagerbygg BOE og oppstart av idrettsfløy på ungdomsskulen.

Når det gjeld egedomsskatt blir tidlegare Voss kommune, Granvin herad og Ullensvang herad si verdifastsetjing frå 2019 vidareført.

Fylkesmannens vurdering

Nye Voss kommune har ikkje historiske data for økonomi, og kommunen budsjetterer dei frie inntektene noko lågare enn det KS sin prognosemodell legg opp til for skatteinntekter. Netto driftsresultat blir budsjettet med 0,4 prosent av brutto driftsinntekter i 2020, og utgjer 5,8 mill. kroner. Dette er noko betre enn det fellesnemnda la opp til i deira berekning for det første driftsåret.

Vi kan ikkje sjå at det føreligg noko samla oversikt i dokumenta over inneståande i kroner på ulike fond, men det blir budsjettet med at disposisjonsfond skal utgjere 7,4 prosent rekna frå brutto inntekter. Førebelse tal frå Granvin og Voss frå 2019 viser at disposisjonsfondet utgjer om lag 68 mill. kroner, og utgjer då om lag 5 prosent. Resultatet samsvarar i så fall med det anbefalte måltalet frå TBU (Teknisk Berekningsutval) om at disposisjonsfond bør vere minimum 5 prosent av brutto driftsinntekter.

Saldo langsiktig gjeld ved utgangen av 2020 er budsjettet til å vere om lag 1,266 mrd. kroner. Legg vi dette til grunn, utgjer langsiktig gjeld 89 prosent rekna av brutto driftsinntekter i 2020. Førebelse tal frå statistikkbanken til SSB viser at ved utgangen av 2019 hadde Granvin 89 prosent og tidlegare Voss kommune 93 prosent i langsiktig gjeld i prosent av driftsinntektene.. Ei for høg gjeld gjer at ein større del av kommunen sine frie inntekter går til å dekke renter og avdrag, og det blir ei større utfordring å balansere kommunen sitt budsjett.

Netto renteeksponering for nye Voss kommune har vi ikkje tal for, men i 2019 utgjorde dette omlag 12 prosent for Granvin og 21 prosent for Voss. Kommunane har soleis hatt låg eksponering tidlegare i samla gjeld, og er mindre sårbar for endringar i rentenivået.

Økonomiplan 2020 – 2023

Det er for kvart år i perioden 2021 – 2023 budsjettet med låge positive netto driftsresultat. Dette er etter at det er lagt inn innsparingstiltak i alle år i planperioden på tenesteområda, spesielt innanfor administrasjon og leiing og integrering. Skatt og rammetilskot er budsjettet om lag på same nivå som for 2020.

Dei største nye tiltaka/investeringane i perioden er innanfor skule, barnehage og omsorg. For heile økonomiplanperioden er det planlagt investeringar for 396 mill. kroner, i tillegg til sjølvfinansierande- og sjølvkostinvesteringar for om lag 52 mill. kroner.

Ved utgangen av 2023 er det budsjettet med ei lånegjeld på 1,4 mrd. kroner, som betyr at langsiktig lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter vil auke til 99,5 prosent.

**Fylkesmannens vurdering**

Økonomiplanen skal gje ein realistisk oversikt over sannsynlege inntekter, forventa utgifter og prioriterte oppgåver i planperioden. Han skal også syne korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp, og at det er først og fremst heradsstyret som gjennom sine vedtak har ansvar for at budsjettet og økonomiplanen oppfyller kravet om realisme. I dette ligg det også at kommunane følgjer eit forsiktighetsprinsipp i budsjettering av inntekter, særleg gjeld dette der inntekter må vurderast som usikre, t.d. der det ikkje ligg føre ekstern dokumentasjon.

Fylkesmannen meiner Voss herad har ein realistisk økonomiplan med tanke på inntekter slik vi kjenner dei i dag. Samstundes er det vesentleg for resultatet at dei planlagde innsparingane blir gjennomførde kvart år.

Dei årlege budsjetterte netto driftsresultata i økonomiplanperioden ligg under det anbefalte nivået frå TBU på 1,75 prosent, og også under dei måla som er sette opp av heradet sjølv.

Med tanke på likviditeten er det positivt at Voss herad betaler pensjonskostnader årleg.

Lånegjelta aukar i planperioden og vil få konsekvensar for det økonomiske handlingsrommet. Om ein ser på Statistisk sentralbyrå sine befolkningsframkrivingar og behovet for årsverk framover, ser ein at dette aukar spesielt innanfor institusjon- og heimebaserte tenester. Slik sett er det fornuftig å gjere investeringar innanfor omsorg for å møte dette behovet på sikt.

Moderate låneopptak og arbeid med finanzielle måltal og handlingsreglar blir eit viktig grunnlag for styring mot ein berekraftig økonomi framover, både for Voss herad sine innbyggjarar og heradet sin rolle som eit attraktivt regionsenter.

Med helsing

Lars Sponheim

Gunnar O. Hæreid
ass. fylkesmann

Dokumentet er elektronisk godkjent